



Gruppeleiar i Frp, Silje Hjemdal

Dato: 12.05.2017
Vår ref.: 2017/3715-3
Dykkar ref.:

Partsbrev - Henvending frå Frp om notat frå Hordaland fylkeskommune gjeldande Nasjonal Transportplan 2018-29

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 44/17 Henvending frå Frp om notat frå Hordaland fylkeskommune gjeldande Nasjonal Transportplan 2018-29 som vart handsama i kontrollutvalet 08.05.2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Leiar i kontrollutvalet
Fylkesordføraren
Fylkesrådmannen

Arkivnr: 2017/3715-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	44/17	08.05.2017

Henvending frå Frp om notat frå Hordaland fylkeskommune gjeldande Nasjonal Transportplan 2018-29

Bakgrunn for saka:

Det er motteke slik e-post frå gruppeleiar for Frp i fylkestinget, Silje Hjemdal, 24.04.2017:

«Søndag kunne vi lese i BT at fylkesordfører tok til ordet for å nedprioritere Hordfast i håp om at E16 skulle igangsettes raskere i NTP.

Dette ble møtt med sterke reaksjoner da man oppfattet dette å være i strid med det Fylkestinget i Hordaland tidligere har vedtatt. Det var imidlertid uklart om dette var fylkesordførers personlige mening eller bare et populistisk utspill.

I dag mandag 24 april mottar gruppelederne på fylkestinget en Mail om at Fylkesordfører har sendt innspill til NTP på vegne av HFK. Uttalen i høringsprosessen samsvarer imidlertid ikke med det fylkestinget har uttalt og vedtatt tidligere.

Det har heller ikke vært behandlet som ny politisksak for å avklare evt om prioriteringene har endret seg. Jeg som gruppeleder for Frp mener dette er svært betenkelig og kanskje også i strid med kommuneloven og fylkesordførers rolle. Han skal fremme fylkestingets mening og ikke sende offentlige utspill etter eget forogdtbefinnende.

Jeg ber om at kontrollutvalget tar en vurdering av om høringsutspillet fra HFK og Fylkesordfører er behandlet på korrekt vis.»

Innspel til NTP som det vert vist til i e-posten frå Hjemdal, «Synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal Transportplan 2018-29», ligg ved saka. Nasjonal Transportplan finn du på denne lenkja.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/>

Vi legg også ved «Uttale frå ordførarane i Sunnhordland» dagsett 24.04.2017 gjeldande same sak.

Drøfting:

Kontrollutvalet bør drøfte saka i møtet og ta stilling til om dette er ei sak for kontrollutvalet og eventuelt kva ein bør gjera med den.

Konklusjon:

Saka vert lagt fram til drøfting utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.05.2017

Handsaming i møte

Leidulv Brunborg (Ap) sit i styret i Nordhordlandspakken og stilte spørsmål om han er ugild til å handsame saka. Kontrollutvalet vart samde om at han ikkje er ugild til å handsame saka.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at dette er ei «politisk sak» som ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal normalt ikkje handsame «politiske saker».

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet meiner at dette er ei «politisk sak» som ikkje er ei sak for kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til Meld St. 33 (2016-17) Nasjonal transportplan 2018-29
- 2 Uttale frå ordførarane i Sunnhordland